



**Bømlo kommune**

## **MØTEPROTOKOLL**

### **Kontrollutvalet**

**Dato:** 11.05.11                      **Kl.:** 09.00 – 11.45                      **Stad:** Formannskapsalen  
**Saknr.:** 10/11 – 21/11

### **MØTELEIAR**

Georg Lønning (FrP)

### **DESSE MØTTE**

Kåre Habbestad (SP)  
Sonja Hellen Sele ( H )  
Marlen Hellen (Ap)  
Kåre Olsen (FrP) møtte i staden for John-Kåre Torkelsen (KrF)

### **FORFALL**

John-Kåre Torkelsen (KrF)

### **DESSUTAN MØTTE**

Skatteoppkrevjar Synnøve Totland, sak 12/11  
Dagleg leiari Bømlo kulturhus KF Hanne Jacobsen, sak 13/11  
Økonomisjef Ingrid Urheim Halleraker, sak 14/11  
Rådmann Sverre Olav Svarstad, sak 12/11 til 15/11  
Kommunalsjef Kjell Magne Mellesdal, sak 15/11  
Partner Else Holst-Larsen, Deloitte AS  
Hordaland fylkeskommune, Sekretariat for kontrollutvalet v/Roald Breistein

# Sakliste:

Saknr.	Sak
10/11	Godkjenning av innkalling og sakliste
11/11	Godkjenning av protokoll frå møte 21.02.11
12/11	Kontrollrapport 2010 vedkommande skatteoppkrevjarfunksjonen i Bømlo kommune
13/11	Årsrekneskap og årsmelding 2010 for Bømlo kulturhus KF – Uttale frå kontrollutvalet
14/11	Årsrekneskap og årsmelding 2010 for Bømlo kommune – Uttale frå kontrollutvalet
15/11	Rådmannen orienterer
16/11	Årsmelding 2010 for kontrollutvalet
17/11	Bestilling av forvaltningsrevisjon Internkontroll – Forslag til prosjektplan
18/11	Oppfølging av 85 tilrådingar for styrkt eigenkontroll
19/11	Orienteringssaker
20/11	Meldingar
21/11	Gjennomgang av møteprotokollar
	Ymse

## **10/11 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE**

### HANDSAMING I MØTET

Det framkom ikkje merknader til innkalling og sakliste.

### VEDTAK

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjend.

## **11/11 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 21.02.11**

### HANDSAMING I MØTET

Det framkom ikkje merknader til protokoll frå møte 21.02.11.

### VEDTAK

Protokollen frå møte 21.02.11 vart samrøystes godkjend.

## **12/11 KONTROLLRAPPORT 2010 VEDKOMMANDE SKATTEOPPKREVJAR-FUNKSJONEN I BØMLO KOMMUNE**

### FORSLAG TIL VEDTAK

1. Kontrollutvalet merkar seg at Skatteetaten konkluderer med at Bømlo kommune har ein skatteoppkrevjarfunksjon som vert utført på ein tilfredstillande måte, med unntak av at det framleis er lågare måloppnåing enn målkravet når det gjeld arbeidsgjevarkontrollen. Utvalet

2. Bømlo kommune sitt skatterekneskap og kontrollrapporten frå Skatteetaten, Skatt vest vert teken til orientering og oversendt kommunestyret til orientering.
3. På bakgrunn av konstatert manglande måloppnåing innan arbeidsgjevarkontroll dei siste 4 åra ber kontrollutvalet om at rådmann og skatteoppkrevjar kjem i neste møte i utvalet for å gjera greie for kva tiltak dei vil sette i verk for å sikre måloppnåing i 2011.

#### HANDSAMING I MØTET

Skatteoppkrevjar Synnøve Totland orienterte om skatterekneskapen for 2010 og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

For å oppnå auke i arbeidsgjevarkontrollen slik at målalet kan nåast vart det opplyst at budsjettposten for dette er styrka noko i 2011. Vidare vart det opplyst at det vert vurdert å omdisponere innan budsjettet slik at målet kan nåast.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

#### VEDTAK

1. Kontrollutvalet merkar seg at Skatteetaten konkluderer med at Bømlo kommune har ein skatteoppkrevjarfunksjon som vert utført på ein tilfredstillande måte, med unntak av at det framleis er lågare måloppnåing enn målkravet når det gjeld arbeidsgjevarkontrollen. Utvalet har merka seg at måltala for arbeidsgjevarkontrollen heller ikkje vart nådd verken i 2007, 2008 eller 2009.
2. Bømlo kommune sitt skatterekneskap og kontrollrapporten frå Skatteetaten, Skatt vest vert teken til orientering og oversendt kommunestyret til orientering.

### **13/11 ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING 2010 FOR BØMLO KULTURHUS KF – UTTALE FRÅ KONTROLLUTVALET**

#### FORSLAG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet vedtar forslag til uttale om Bømlo kulturhus KF sin årsrekneskap for 2010.

#### HANDSAMING I MØTET

Dagleg leiar Hanne Jacobsen og rådmann Sverre Olav Svarstad presenterte årsrekneskapen 2010 for Bømlo kulturhus KF og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### VEDTAK

Kontrollutvalet vedtar forslag til uttale om Bømlo kulturhus KF sin årsrekneskap for 2010.

### **14/11 REKNESKAP FOR BØMLO KOMMUNE 2010 - UTTALE FRÅ KONTROLLUTVALET**

#### FORSLAG TIL VEDTAK

1. Kontrollutvalet ber rådmannen om å prioritere å sette fokus på forbetningsområda som kjem fram av revisjonsrapport nr. 9 frå Deloitte.
2. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Bømlo kommune sin årsrekneskap for 2010.

#### HANDSAMING I MØTET

Rådmann Sverre Olav Svarstad og økonomisjef Ingrid Urheim Halleraker presenterte Bømlo kommune sin årsrekneskap for 2010 og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Partnar Else Holst-Larsen frå Deloitte gjorde deretter greie for resultatet av den gjennomførte revisjonen og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.  
Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### VEDTAK

1. Kontrollutvalet ber rådmannen om å prioritere å sette fokus på forbetningsområda som kjem fram av revisjonsrapport nr. 9 frå Deloitte.
2. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Bømlo kommune sin årsrekneskap for 2010.

#### 15/11 RÅDMANNEN ORIENTERER

##### FORSLAG TIL VEDTAK

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

##### HANDSAMING I MØTET

Rådmann Sverre Olav Svarstad orienterte om status når det gjeld forvaltningsrevisjon innan regeletterleving i grunnskulen og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Rådmann Sverre Olav Svarstad orienterte om status når det gjeld forvaltningsrevisjon innan barnevernstenesta og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Kommunalsjef Kjell Magne Mellesdal orienterte om status når det gjeld status på oppfølging av tilsynsrapport om førebygging og behandling av underernæring i heimetenesta ved Moster omsorgsområde og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Kommunalsjef Kjell Magne Mellesdal presenterte status i høve tiltak når det gjeld forvaltningsrevisjon innan psykisk helse og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet. Det vart opplyst at det er utarbeida ein handlingsplan på området. Denne ber kontrollutvalet om å få lagt fram som melding på neste møte.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

#### VEDTAK

1. Kontrollutvalet ber om å få handlingsplan når det gjeld forvaltningsrevisjon innan psykisk helse lagt fram som melding på neste møte.
2. Informasjonen vart elles teken til orientering.

#### 16/11 ÅRSMELDING 2010 FOR KONTROLLUTVALET

##### FORSLAG TIL INNSTILLING

Kommunestyret godkjenner årsmelding 2010 for kontrollutvalet i Bømlo kommune.

##### HANDSAMING I MØTET

Det vart gjort nokre mindre redigeringsmessige endringar i årsmeldinga.

Med desse endringane i årsmeldinga vart forslag til innstilling samrøystes vedteke.

##### INNSTILLING

Kommunestyret godkjenner årsmelding 2010 for kontrollutvalet i Bømlo kommune.

## **17/11 BESTILLING AV FORVALTNINGSREVISJON INNAN INTERNKONTROLL – FORSLAG TIL PROSJEKTPLAN**

### **FORSLAG TIL VEDTAK:**

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon av ” Vurdering av internkontrollsystem i Bømlo kommune”, frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det som ligg i prosjektplanen.
3. Ev. ny korrigert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 23.05.11. Kontrollutvalsleiar saman med sekretariatet får fullmakt til å godkjenne endeleg prosjektplan.
4. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan midten av september 2011, ferdig verifisert og med rådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

### **HANDSAMING I MØTET**

Partnar Else Holst-Larsen presenterte forslag til prosjektplan og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Kontrollutvalet er gjort kjend med at administrasjonen i Bømlo kommune er i gang med å utarbeide eit internkontrollsystem som skal implementerast i nær framtid. Rådmannen har difor oppmoda om at denne forvaltningsrevisjonen vert utsett til hausten 2011. Utvalet har ikkje merknad til dette og ber om at Deloitte startar opp revisjonen 1. september 2011 og at levering av revisjonsrapport skjer i midten av januar 2012.

Etter sams drøfting vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

### **VEDTAK:**

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon av ” Vurdering av internkontrollsystem i Bømlo kommune”, frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan.
2. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det som ligg i prosjektplanen.
3. Ny prosjektplan der oppstart og leveringstidspunkt er korrigert, vert å sende sekretariatet innan 31.05.11.
4. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan midten av januar 2012, ferdig verifisert og med rådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

## **18/11 OPPFØLGING AV 85 TILRÅDINGAR FOR STYRKT EIGENKONTROLL I KOMMUNANE**

### **FORSLAG TIL VEDTAK**

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

### **HANDSAMING I MØTET**

Kontrollutvalet ønskjer å oppmode om at det nye kontrollutvalet etter valet til hausten vert vald på det konstituerande møte, saman med formannskap og ordførar, slik det vert tilrådd i tilråding nr. 1 i rapport frå KRD ”Oppfølging av 85 tilrådingar for styrkt eigenkontroll i kommunane”.

Kontrollutvalet ber vidare om at Deloitte i møte 13.09.11, orienterer om kva dei gjer i høve rådmannen sin økonomiske internkontroll og om samspelet med administrasjonen, jf. tilråding 49, 50 og 79.

Kontrollutvalet oppmoder om at det nye utvalet syter for å få opplæring innan forvaltningsrevisjon og selskapskontroll, i tråd med konklusjonane som ligg i prioritet 5 (Opplæring i forvaltningsrevisjon og selskapskontroll) i saksframlegg 18/11 ”Oppfølging av 85 tilrådingar for styrkt eigenkontroll i kommunane”.

Kontrollutvalet oppmoder om at Bømlo kommune syter for at det nye utvalet til hausten får delta på den ordinære folkevaldopplæringa som vert gjeven for kommunestyret. Vidare vert det beden om at det vert lagt til rette for at dei kan delta på særskilt opplæring for kontrollutval.

I samband med drøfting av dei to siste avsnitta over leverte Deloitte ut eit forslag til tema for eit kurs for kontrollutval.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

#### VEDTAK

1. Kontrollutvalet ber om at Bømlo kommune legg opp til at val av nytt kontrollutval hausten 2011 vert gjort i samband med konstituerande møtet, saman med formannskap og ordførar, slik det vert tilrådd i tilråding nr. 1 i rapport frå KRD "Oppfølging av 85 tilrådingar for styrkt eigenkontroll i kommunane".
2. Kontrollutvalet ber om at Deloitte i møte 13.09.11, orienterer om kva dei gjer i høve rådmannen sin økonomiske internkontroll og om samspelet med administrasjonen, jf. tilråding 49, 50 og 79.
3. Kontrollutvalet oppmoder om at det nye utvalet syter for å få opplæring innan forvaltningsrevisjon og selskapskontroll, i tråd med konklusjonane som ligg i prioritet 5 (Opplæring i forvaltningsrevisjon og selskapskontroll) i saksframlegg 18/11 "Oppfølging av 85 tilrådingar for styrkt eigenkontroll i kommunane".
4. Kontrollutvalet ber om at Bømlo kommune syter for at det nye utvalet til hausten får delta på den ordinære folkevaldopplæringa som vert gjeven for kommunestyret. Vidare vert det beden om at det vert lagt til rette for at dei kan delta på særskilt opplæring for kontrollutval.

#### 19/11 ORIENTERINGSSAKER

I dette møtet vil det verta orientert om følgjande saker innmeld frå sekretariat, revisjon og utvalsmedlemmer:

Nr.	Orientering frå:	Orientering angående:
1	Sekretariatet	Representantskapsmøte i SIM
2	Sekretariatet	Finansreglement for Bømlo kommune - Rapportering
3	Ymse	

#### FORSLAG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tar orienteringa til orientering.

#### HANDSAMING I MØTET

Nr.	Orientering frå:	Orientering angående:
1	Sekretariatet	<p>Representantskapsmøte i SIM</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Kontrollutvalet har mottatt innkalling til representantskapsmøte i SIM. Det er berre frå SIM det er motteke slike innkallingar dei siste åra.</li><li>• Kontrollutvalet vil minne Bømlo kommune om at alle innkallingar til generalforsamlingar og representantskapsmøte, i selskap som er heileigde av kommunar og fylkeskommunar, også skal sendast Deloitte og utvalet, jf KL § 80 som m.a. lyd slik: "<i>Kontrollutvalget og kommunens eller fylkeskommunens revisor skal varsles og har rett til å være tilstede på selskapets generalforsamling, samt møter i representantskap og tilsvarende organ.</i>"</li></ul>

## VEDTAK

### Orienteringssak nr. 1: Representantskapsmøte i SIM

Kontrollutvalet vil minne Bømlo kommune om at alle innkallingar til generalforsamlingar og representantskapsmøte, i selskap som er heileigde av kommunar og fylkeskommunar, også skal sendast Deloitte og utvalet, jf KL § 80 som m.a. lyd slik:

*”Kontrollutvalget og kommunens eller fylkeskommunens revisor skal varsles og har rett til å være tilstede på selskapets generalforsamling, samt møter i representantskap og tilsvarende organ.”*

Informasjonen vart elles teke til orientering.

## 20/11 MELDINGAR

Nr.	Melding frå:	Melding vedr.:
11	Rådmannen	Notat dagsett 2.3.11 til formannskapet om Eigardag – Eigarskapsmeldinga til Bømlo kommune
12	Kommunestyret	Vedtak i sak 17/11 i KST 21.03.11 – Val av revisor

### FORSLAG TIL VEDTAK

Meldingane vert tekne til orientering.

### HANDSAMING I MØTET

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

### VEDTAK

Meldingane vert tekne til orientering.

## 21/11 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR.

### FORSLAG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

### HANDSAMING I MØTET

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

### VEDTAK

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

### YMSE

Det kom ikkje fram noko under dette punktet.

Georg Lønning  
Leiar

Roald Breistein  
Sekretær